


FUSA 1964 - 2014

JUBILEUMSTUR 17. AUGUST 2014



Då lokalt sjølvstyre vart innført i 1837, var Fusa ein del av Ous prestegjeld og vart del av storkommunen Ous. 1. juli 1855 skipa fusingane eigen kommune og eige prestegjeld. Første ordførar



Ordførar Hans Chr.
Krüger og kona Ingeborg

var Hans Christian Krüger (1825-1886) frå Skjørnsand.

Det første heradstyret i Fusa vedtok, var å tilsetja jordmor og oppretta sparebank. Fusa kommune var delt i tre sokn: Strandvik, Hålandsdal og Fusa. Sokna hadde eigne soknestyre som handsama saker som berre galdt eige sokn.

Dei tre soknestyra fekk etter kvart særskild fattigvesen, skulevesen, vegvesen og likningsvesen. Dette utvida "sjølvstyret" for sokna førte til at dei såg liten grunn til å ha felles kommunestyring.

I ein resolusjon av 29. oktober 1900 gjekk Kyrkjedepartementet inn for full deling av dei tre sokna. Ikkje alle dei tre sokna var like glade for det. Fleirtalet som ønskte deling understreka at fellesinteressene var uvesentlege. Det som vart handsama av eit samla heradstyre avgrensa seg til løyvingar til presteskyss, skyss til forlikskommisærane og deling av lensmannen si løn.

Mindretalet var representantane frå Hålandsdalen. Dei såg eit kvart forslag om deling som uaksetabelt, med mindre det vart føreteke ei omfattande sokneregulering.



Ordførar John Dale

Utviklinga fram mot deling tok si tid. Det siste heradstyremøtet i sameinte Fusa vart halde 15. september 1902 i tingstova på Øpstad. Siste ordføraren i det sameinte Fusa var John Dale (1853 -1911). Frå 1903 var kommunen delt i Strandvik, Fusa og Hålandsdal herad.

I 1946 fekk vi ein ny kommuneinndelingskomite, den såkalla Schei-komiteen. Komiteen gjekk inn for å slå dei tre kommunane saman att til ein. "Ei samanslåing av desse tre kommunane vil truleg gjera dei betre i stand til å løysa sams

oppgåver på det kulturelle og sosiale omkvervet, og til å leggja tilhøva til rette for ei sterkare utbygging av næringslivet i distriktet”, hevda komiteen. Endra kommunikasjonar – frå sjø til land – snudde opp ned på kva som var naturlege einingar

Dei tre heradstyra handsama innstillinga vinteren 1958 og alle var negative til samanslåing. I Strandvik herad vart det halde folkemøte med skriftleg avrøysting om samanslåing i alle skulekrinsane. Eit stort fleirtal av dei som røysta (i hovudsak menn), meinte at Strandvik skulle halda fram som eigen kommune. Ved den endelege handsaminga i 1961 var heradstyra i Fusa og Hålandsdalen positive.

Vegspørsmålet, og tilsegn om pengar til å knyta bygdene saman, blei det som gjorde at Strandvik - til slutt – aksepterte samanslåing.

25. oktober 1963 var kommunestyret i ”nye” Fusa samla til konstituerande møte i Nesjaheimen på Vinnes. Peter Haugarvoll (1909 - 1997) vart første ordførar i ”nye” Fusa kommune.



Ordførar Peter Haugarvoll

Å samla Fusa til eitt rike kommunikasjonsmessig var av dei første oppgåvene for ”nye” Fusa. Felles gamleheim og felles ungdomsskule var òg saker som verka samlande.

Sjølv om grensene er borte er Fusa som kommune framleis prega av medvitnet om dei tre kommunane frå før 1964. I dag er det som ein gong var eit grensepunkt mellom tre herad berre ein skiftestein mellom gardane Eikeland, Rongestveit og Sævareid.



Ordførar Hans S. Vindenes - 2014

Og inntil vidare heiter kommunen Fusa.

MELLOM BAKKAR OG BERG

Mellom bakkar og berg ut med havet
heve nordmannen fenge sin heim,
der han sjølv heve tuftene grave
og sett sjølv sine hus oppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender;
der var ingen som der hadde bygd.
«Lat oss rydja og byggja oss grender,
og så eiga me rudningen trygt»

Han såg ut på det bårute havet,
der var ruskut å leggja utpå,
men der leikade fisk nedi kavet,
og den leiken, den ville han sjå.

Fram på vinteren stundom han tenkte:
«Gjev eg var i eit varmare land!»
Men når vårsol i bakkane blenkte,
fekk han hug til si heimlege strand.

Og når liane grønkar som hagar,
når det lavar av blomar på strå,
og når netter er ljose som dagar,
kan han ingen stad venare sjå.

Tekst: Ivar Aasen
Melodi: L.M. Lindeman